

---

**Fra:** Bjordal, Håvard E. <HavardE.Bjordal@bergen.kommune.no>  
**Sendt:** 5. februar 2018 19:45  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** 'havard.bjordal@online.no'  
**Emne:** Påbygg - dispensasjon fra avstand til kommunal veg, ny biloppstillingsplass gnr./bnr 139/22 Alversund

*Aud og Håvard Bjordal  
Myrdalskogen 363  
5117 Ulset  
T. 97539167*

5. februar

2018

***Lindås kommune – Teknisk drift***

**Dispensasjon frå byggegrense til kommunal veg og godkjenning av plan for ny biloppstillingsplass for bil ved Kyrkjevegen 48 i Alversund –Gnr/bnr. 139/22**

Vi viser til innsendt søknad 11.08.2017 om dispensasjon frå byggegrense til veg i forbindelse med vedlikehald/mindre påbygg av huset vårt i Kyrkjevegen 48 – og til kommunens mellombelse svar datert 16.08.2017.

Etter møte med kommunen, Rune Kilen, 14. september v- vart det klarlagt at noverande oppstillingsplass rett aust for huset, ikkje lenger kunne brukast ved påbygging av huset (som omsøkt) – og at denne ved realisering måtte avstengast.

Samstundes vart moglegheit for å lage ny oppstillingsplass for bil sør for huset påpeika. Lindås kommune v/Linda Folkestad oversende deretter 23.10. 2017 ei skisse for korleis den nye oppstillingsplassen sør for huset kunne lagast.

Som allereie påpeika i mail 31.10.2017, vurderte eg likevel skissa frå kommunen 23.10.17 av fleire grunnar, bl.a av topografiske forhold, som for omfattende og uhensiktsmessig,. Eg framsette derfor eit framlegg til ein redusert og enklare variant av kommunens skisse. Samstundes peika eg på at dette framlegget ville bli betre og sikrere enn dagens løysing – sjølv utan påbygg av huset.

Med dette utgangspunktet takkar eg for at Lindås kommune v/Rune Kilen og Irene Wilhelmsen i dag 5. februar kom på synfaring til Alversund slik at saman kunne sjå på ei funksjonell og minneleg løysing for ny oppstillingsplass for bil.

*Den nye løysinga inneber at Teknisk drift/veg aksepterer planen om påbygging av hus noko næare den kommunele vegen slik som skissert i søknaden. Føresetnaden er då at dagens oppstillingsplass*

*aust for huset vert avstengd og erstatta med ny oppstillingsplass sør for huset, slik det går fram av vedlegget – og bileta der yttergrensene biloppstillingsplassen er markert med grønt tau. Avstand vinkelrett på husvegg sørover til støypekant på veggen er 10,5 m. Avstanden frå nedkant av den nye oppstillingsplassen til kant av kommunal veg er på det lengste 7 m.*

*Oppstillingsplassen skal lagast ved å flytte bort hagejord og legge på stein slik at dette fluktar md vegkant. Hekken bort mott støypekant ved på kommunevegen vert fjerna.*

Eg oppfatta at vi på synfaringa i dag var einige i at den skisserte løysinga (vedlegg) kan leggjast til grunn for vidare søknad om dispensasjon og byggjeløyve i denne saka og ser fram til å få dette formelt stadfesta frå dykk.

Med helsing

Håvard Bjordal  
Sign.

Vedlegg:

*Kartskisse og bilder der ytterkantane av den nye biloppstillingsplassen er markerte.*



**Foto av Kyrkjevegen 48. i Alversund, 5. februar 2020**



*Det grønne tauet markerer yttergrensene for den planlagte nye biloppstillingsplassen*









# Eiendomskart Gnr./bnr. 139/22 Alversund – Lindås kommune



